


Når skal sjuke barn haldast heime frå barnehage og barneskole?




1. Har barnet ditt fått feber, hoste, sår hals eller tett nase dei siste 24 timane?



- Hald barnet heime.
- Barnet bør testast for covid-19.

Om barnet berre har rennande nase/snørr og elles er i god form kan barnet gå i barnehage/på skole utan å teste seg. Dette gjeld også barn med kjend allergi.




Kontakt fastlege eller legevakt om barnet er forkjølt og:

- Barnet ikkje orkar vanleg leik og aktivitet.
- Barnet har feber, vondt i kroppen, dårleg matlyst, er slapt, kvalmt eller svimmelt.
- Barnet har anstrengt pust og/eller pustar fortare enn vanleg når det er i ro.

Hugs at små barn ikkje kan fortelje korleis dei har det, men dei kan vere sutrete, klengete eller irritable! Om du er uroa for det sjuke barnet ditt, skal du alltid kontakte fastlege eller legevakt.

2. Viser testen at barnet ditt har covid-19?



JA

Barnet skal haldast heime. Kommunen vil gje deg melding om kva reglar de som familie må følgje medan barnet er sjukt.



NEI

Barnet kan gå på skole eller i barnehage når det ikkje har feber og verkar friskt. Barnet kan gå på skole eller i barnehage sjølv om det framleis har noko snørr eller er hes/hostar.